

HVORFOR GØR JEG DET, JEG GØR?

Refleksionshåndbog for sproglærere

ved Birgit Henriksen, Susana Fernández, Hanne Leth Andersen og Dorte Fristrup. (Samfunds litteratur, 2020)

Omtalt av **Berit Hope Blå**, høgskulelektor, Framandspråksenteret.

Det klart uttalte formålet med boka er å skape «refleksjonsrom» og støtte språklærarar i arbeidet med å nå den overordna målsetjinga med opplæringa. Med andre ord: Gi elevane dei beste føresetnadene for å opparbeide språkkunnskap, ferdighet og kompetanse. Profesjonsfagleg kunnskapsstileigning og vedvarande utvikling fordrar nettopp bevisstgjerande refleksjonar, og det at hovudtitelen er formulert som eit spørsmål, er med på å understreke dette.

Boka har ein innleiande sekvens i tillegg til fem hovudkapittel: 1. *Lærerkognition og lærermotivation – den reflekterende praktiker*, 2. *Lærerens utvikling*, 3. *Sprogundervisning fra forståelse til praksis*, 4. *Indhold i undervisningen* og 5. *Ferdighetslæring: lytte og tale, læse og skrive*. Alle kapitla er strukturerte slik at dei begynner med ei kort utgreiing

av etablert språkdidaktisk teori relatert til det gjeldande kapittelaspektet. Vidare blir det kopla på kunnskap frå forskingsfeltet lærarkognisjon. Elles inneholder alle kapitla kreative refleksjonsøvingar som kombinerer det nemnde – nemleg fagdidaktisk innsikt og kunnskap om lærarkognisjon.

Dei tre første kapitla danner eit nyttig bakteppe for lærarvirket, men det er dei to siste som er spesielt interessante med omsyn til den konkrete klasseromspraksisen. Her blir essensen i profesjonsutøvinga til språklæraren presentert. Det eine kapittelet handlar om innhaldet i undervisninga og tek for seg tre sentrale utfordringar i framandspråkundervisninga: vokabularstileigning, grammatikkinnlæring og interkulturell mediering. Det andre kapittelet behandler ferdigheitsaspektet i framand-



Gjengitt med tillatelse
fra Samfunds litteratur

språkopplæringa og drøftar dei vesentlege ferdighetene for munnleg (lytte/tale) og skriftleg (lese/skrive) kommunikasjon.

Det gjer godt å lese boka, mellom anna fordi mykje er så lett å kjenne seg igjen i, noko som kan gi ei oppløftande stadfesting av eigen praksis. Det er også positivt at utgivinga i fullt monn tek den heile og fulle kompleksiteten i undervisningspraksisen på alvor. Dette går mellom anna på rådande krav til førebuing, gjennomføring og evaluering. Samtidig blir erfaringa til læraren og kunnskapen om og haldningane til god språkundervisning framheva som det mest utslagsgivande.